



**MUSEA I SOGN  
OG FJORDANE**

## Referat styremøte

**Stad:** Hyllestad  
**Dato:** Fredag 13. juni kl 1000 - 1400

Styret:

Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Gunhild Berge Stang, styremedlem Rune Hegrenes, styremedlem Magni Aa Berge, styremedlem Knut Arve Helle, andre varamedlem for dei tilsette Øyvind Skarstein, tredje varamedlem Eli Greitt Høyvik.

Fråfall frå Siri Sandvik og Therese Nesset

Frå administrasjonen:

Leiargruppa: Janne Gimmestad, Synnøve Bjørset, Jan Heggheim

### Orienteringar i møtet:

Byggeprosjekta, Tinghuset, Holvikejekta, Kvernsteinsparken og Kystmuseet

Vedtektsendring

Prognose 1 2025

Strukturendring i Musea i Sogn og Fjordane

### Saker til handsaming:

**Sak 12/2025: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Sak 13/2025 Referat frå styremøte 25. februar 2025**

**Sak 14/2025 Sjukefråvær første kvartal 2025**

**Sak 15/2025 Besøktal 30. april 2025**

**Sak 16/2025 Prognose 1 2025**

**Sak 17/2025 Strukturendring i Musea i Sogn og Fjordane**

**Sak 18/2025 Vedtektsendringar Musea i Sogn og Fjordane STI**

**Sak 19/2025 Styreinstruks**

**Sak 20/2025 Styreevaluerng**

**Sak 21/2025 Prioriteringar i budsjett 2026**

**Sak 22/2025 Høyrings svar Jostedalsbreen Gondol (orienteringssak)**

**Sak 23/2025 Eventuelt**



## Sak 12/2025: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:  
Innkalling og sakliste vert godkjend

## Sak 13/2025 Referat frå styremøte 25. februar 2025

Vedtak:  
Referatet frå styremøte 25. februar 2025 blir godkjent

## Sak 14/2025 Sjukefråvær første kvartal 2025

Silje Guddal/Jan Heggheim

### Kvifor vert saka fremma:

Sjukefråvær er ikkje berre ein viktig peikepinn på helsa og frammøtet til dei tilsette, det er også ein indikator på kor «frisk» organisasjonen er.

### Bakgrunn:

Korttidssjukefråværet i MiSF er relativt stabilt i første kvartal 2025 samanlikna med fjerde kvartal 2024. Langtidsfråværet har ei større auke i denne perioden grunna fleire sjukmeldingar. Nokre av desse er helserelaterte plager hjå tilsette som er under tett og god oppfølging, i tillegg ein planlagt operasjon. Det er forventa at langtidsfråværet vert redusert til eit meir tilfredsstillande nivå under 5% i Q2. HR og leing har tett oppfølging på desse sakene.

### Fråvær siste kvartal (Q2 2025)

Type fråvær	Fråvær Q1 (2025)	Fråvær Q4 (2024)
Eigenmelding	1,55	1,13
Sjukemelding <16 dagar	0,15	0,65
Korttidsfråvær (eigenmeldt + sjukemelding <16)	1,70	1,77
Sjukemelding > 16	3,54	2,16
<b>Totalfråvær</b>	<b>5,24</b>	<b>3,94</b>



### Løpande siste 12 månader

01.06.2024 – 01.06.2025

Type fråvær	Fråvær i %
Eigenmelding	1,26



Sjukemelding < 16 dg	<b>0,67</b>
Korttidsfråvær (eigenmeldt + sjukemelding < 16 )	<b>1,93</b>
Sjukemelding > 16 dg	<b>2,32</b>
<b>Totalfråvær</b>	<b>4,25</b>



### Konklusjon:

Sjukefråveret er høgare enn normalt, og dette skuldast først og fremst langtidsfråveret, som vi ventar skal gå ned



### Vedtak:

Styret tek sjukefråværet til vitende

### Sak 15/2025 Besøkstal 30. april 2025

Torunn Skarstad/Jan Heggheim

### Kvifor vert saka fremma:

Styret skal vere godt informert om publikumstal og interesse for musea

### Bakgrunn:

### Drøfting:

Vi gjengir tala her:

BESØKSSTAD	VAKSNE	BARN	JAN	FEB	MARS	APRIL	MAI	2025	2024	Endring i	Endring i %
NORDFJORD FOLKEMUSEUM	0	0	0	63	164	236	372	835	819	16	1,95 %
KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE	0	0	23	401	284	157	249	1 114	1 400	-286	-20,43 %
VÅGSBERGET	0	0	0	0	0	0	96	96	28	68	242,86 %
HAUGEFISK	0	0	0	0	0	0	0	0	35	-35	0,00 %
SUNNFJORD MUSEUM	0	0	54	81	173	168	207	683	922	-239	-25,92 %
DHS-SOGN FOLKEMUSEUM	0	0	76	228	611	294	1081	2 290	2 312	-22	-0,95 %
SOGN FJORDMUSEUM	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	#DIV/0!
KVERNSTEINSPARKEN	0	23	36	40	42	69	67	254	703	-449	-63,87 %
NORSK REISELIVSMUSEUM	23	0	37	451	325	482	534	1 829	1 846	-17	-0,92 %
SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM	166	32	198	385	365	335	192	1 475	1 918	-443	-23,10 %
EIKAASGALLERIET	0	0	0	0	7	17	135	159	72	87	120,83 %
ASTRUPTUNET	0	0	0	0	57	74	623	754	268	486	181,34 %
SOGN KUNSTSENTER	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	#DIV/0!
SUM KVAR MÅNAD	189	55	424	1 649	2 028	1 832	3 556	9 489	10 323	-834	-8,08 %

Kommentarar totalt og frå kvar arena:

### Kommentar besøkstal pr. mai 2025

Samanlikna med 2024 har vi ein nedgang i besøksstalet pr. 31/5/25 med 8%. Men dette utgjer berre 834 personar, da vi er i ein periode av året med lågare besøkstal. I 2024 hadde vi og ein spesielt god vår.

Både **Eikaasgalleriet** og **Astruptunet** har starta sesongen betre enn i fjor. Ny utstilling på Eikaasgalleriet har vekt interesse, da det er eit tema mange har interesse for. Astruptunet har mange lag og organisasjonar frå regionen på besøk, men opplever nedgang frå skuleklasser grunna kutt i ekskursjonsbudsjett. **Vågsberget** har og ein auke hittil i år med cruise/turgrupper og eit arrangement ilag med kommunen.

For dei musea våre som har hatt ein nedgang hittil i år, kjem det av ulike årsaker:

**Sunnfjord Museum** nedgangen kjem av at den nye utstillinga opna 1.juni i år (i fjor opna den i april). Dei hadde og ein nedgang i besøkstala for påskekrimmen, og tenker dei til neste år må auke marknadsføringa for påska.



### **Kystmuseet i Sogn og Fjordane:**

I fjor hadde dei nokre cruisegrupper tidleg i sesongen som har vore fråverande i år. Det har og vore færre barnehagebarn med på potetsetting.

**Kvernsteinsparken** har hatt ein nedgang på grunna at det er særst få 7. klassingar i Hyllestad i år, og det pågåande oppgraderingsarbeidet i parken påverkar og besøkstalet. Dei har og hatt færre grupper, og mogleg strengare praksis på teljing av besøkande i år-

**Ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum** er hovudårsaken til nedgangen opning av utstillinga VEST i slutten av april. Dei har hatt ulike arrangement i tilknytning til utstillinga, men det fine véret har nok truleg påverka tal besøkande i mai månad. Men dei opplever at utstillinga er godt mottatt, og at det er aukande interesse – blant vanleg besøkande og skuleklasser. Det kjem mange arrangement framover i samband med kulturnatta og Førdefestivalen.

Nordfjord folkemuseum ligg bra likt med fjoråret pr. mai, men grunna god auke i bestillingar frå cruise og gruppermarknaden kjem tala deira til å auke framover.

### **Oppsummering og konklusjon:**

Besøkstala har altså ein liten nedgang, men det er for tidleg å dra konklusjonar. Vi arbeider med å finne dei rette metodane for å auke besøkstala. Program og tilbod er godt, så direktøren vurderer dette som ei kommunikasjonssak der alle må gjere sitt.

### **Vedtak:**

Styret tek besøkstala til vitende.

## **Sak 16/2025 Prognose 1 2025**

Janne Gimmestad

### **Kvifor vert saka fremma:**

Det vert arbeidd med å prognostisere framfor å legge for mykje vekt på rekneskap. På denne måten har avdelingane og direktøren/staben ei rimeleg god oversikt over kvar vi kjem til å ende dersom vi held planen.

### **i tal:**



## Prognose - Stiftinga Musea i Sogn og Fjorda

Avdeling: 60 Stab  
Lokasjon: Total  
Periode: 202504

### Inntekter

	Prognose heile året	Opprinneleg budsjett
Salsinntekter	4 840 409	5 032 271
Tilskot - ordinære	70 321 528	70 424 998
Tilskot - andre	4 148 911	5 187 333
Andre inntekter	-22 469	277 000
<b>Totalt inntekter</b>	<b>79 288 379</b>	<b>80 921 602</b>

### Kostnader

Varekostnader	1 350 859	1 377 700
Lønskostnader	47 695 855	49 818 988
Andre personalkostnader	926 484	934 180
<b>Sum kostnader arbeidskraft</b>	<b>48 622 339</b>	<b>50 753 168</b>
Avskrivninger	1 735 894	2 324 609
Fraktkostnader	104 500	125 000
Leige maskiner og utstyr	2 197 678	2 272 752
Kostnader lokaler	12 182 641	12 427 896
Andre anskaffingar	4 350 983	4 471 902
Reperasjon og vedlikehald	3 469 843	2 805 500
Eksterne honorar	1 307 477	880 800
Kontorkostnader	1 164 276	1 160 856
Bilkostnader	65 299	66 000



Reise, diett, bilgodtgjersle	933 206	1 139 900
Sal og markedsføring	1 203 905	1 281 700
Kontigentar	335 838	282 462
Forsikring	1 017 558	899 000
Andre kostnader	111 371	100 250
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>80 153 668</b>	<b>82 369 495</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-865 289</b>	<b>-1 447 893</b>
Finansinntekter	1 416 709	700 000
Finanskostnader	609	0
<b>Sum finans</b>	<b>1 416 100</b>	<b>700 000</b>
<b>Resultat</b>	<b>550 811</b>	<b>-747 893</b>

### Konklusjon:

Organisasjonen vart oppfordra til å «halde att» på innkjøp og andre kostbare aktivitetar, og dette ser ut til å gjere utslag. Direktøren er svært glad for å konstatere at dette ser ut til å virke. Der er framleis ukjende faktorar som gjer at vi vil halde oppe merksemda mot rekneskap og prognose.

Løn i % av inntektene, jfr sak 17/2025:

	<b>P 2025</b>	<b>B 2025</b>
Inntekter	kr 79 288	kr 80 921
Kostnader arbeidskraft	kr 48 625	kr 50 753
Lønskostnader i % av inntekter	61 %	63 %

Rekneskapen pr 30. april ligg som vedlegg

Likviditet er førebels ikkje eit tema i denne prognosen, men direktøren ynskjer å gjere merksam på at vi truleg vil få behov for eit likviditetslån mot slutten av året. Dette skuldast at vi ikkje får utbetalt storparten av løyvinga til Tinghuset i statsbudsjettet før i 2026.

### Vedtak:

Styret tek prognosen for 2025 til vitende



## Sak 17/2025 Strukturendringar

Kvifor vert saka fremma:

Styret vart i november, i samband med budsjettarbeidet, orientert om at vi ideelt sett bør ha ein personalkostnad på under eller lik 60% av driftsinntektene. Vi har hatt ein prosess med tanke på langsiktig ressursdisponering. Dette medfører at vi ser at nokre av dei stillingane vi har hatt så langt, må disponerast andre stader. Vi involverer styret i denne saka fordi vi vil sikre profesjonell og ryddig saksgang.

Direktøren vil i møtet gi ei oversikt over identifiserte kostnadsreduksjonar og også nokre stader der vi må tilsetje nye medarbeidarar.

### **Drøfting:**

Det bør vere eit mål å halde lønskostnadene på maksimalt 60% av driftsinntektene dersom vi skal klare å ha ei sunn drift, og bygge eigenkapital.

For å få til dette må vi 1) redusere veksten i løns- og pensjonskostnadene, og 2) auke eigeninntektene. Vi ser bort frå reell auke i tilskota. Vi føreset auka tilskot til drift av nye anlegg, til dømes visningssenteret i Astruptunet.

Dersom vi skal disponere lønskostnadene optimalt i heile MiSF, må vi vere villige til å redusere der vi kan og auke der vi må. Direktøren har saman med leiargruppa gjort ei øving på dette området, og har ein plan for kvar vi ynskjer å sikre bemanninga. Tilsvarande har vi i same planen tankar for reduksjonar der vi kan klare å halde produksjonen oppe utan nokre stillingar.

Nokre tiltak er ganske omfattande, eitt av desse er drifta ved Kafe Sobra ved kunstmuseet. Denne serveringsstaden går med eit stort underskot kvart år, og har så langt vore driven slik fordi det har stor betydning for kunstmuseet som heilskap. No drøftar vi ei ombygging av første etasje som inkluderer eit enklare serveringskonsept. Det vil gi store innsparingar, men medfører også personalmessige endringar.

Dei andre endringane gjeld enkeltstillingar i både stab, kulturhistorisk avdeling og avdeling for forskning og bevaring.

Eit overordna prinsipp er at alle desse sakene skal handsamast profesjonelt og innanfor både juridiske og etiske rammer. Dersom vi begynner planlegginga tidleg, gjer dette arbeidet lettare. I motsetning til akseloven har ikkje stiftelsesloven bestemmelsar som gjeld i desse tilfella. Lov om arbeidsmiljø gjeld uansett.

### **Konklusjon:**

Direktøren meiner bestemt at vi ikkje kan gå over 60% av driftsinntektene til løn, og at vi må setje i verk naudsynte tiltak for å sikre ei langsiktig utvikling med maksimalt 60% som mål.

### **Vedtak:**

Administrasjon vert gitt fullmakt til å gjennomføre naudsynte endringar i stillingsprosent og stillingsinnhald i tråd med denne saka og orientering i møtet. Ombygging og avvikling av kafedrift på Sogn og Fjordane Kunstmuseum vert



gjort innan utgangen av 2025, og det vert utarbeidd ein plan for avvikling og omplassering av tilsette.

Administrasjon sikrar at prosess vert gjennomført i tråd med gjeldande lovverk og i dialog med tillitsapparat og berørte tilsette

Styret vert orientert om framdrift og status i neste styremøte

## Sak 18/2025 Vedtektsendringar Musea i Sogn og Fjordane STI

Jan Heggheim

### Kvifor vert saka fremma:

Styret vedtok nye vedtekter på møte 14. juni 2024. Lotteri- og stiftelsestilsynet skal gi endeleg godkjenning. Dei kunne ikkje godkjenne § 14 om oppløysing. Der hadde det nye forslaget eit avsnitt om at eigedelane skulle gå tilbake til dei kommunane som hadde institusjonar. Formuleringa var slik:

*«Dersom opplysing vert vedteken, skal det sendast tilbod til vertskommunane om å overta samlingar og verdjar som naturleg høyrer heime på det enkelte museum. Der det finst eigarstiftingar eller foreiningar tek dei over det som naturleg høyrer heime der.»*

Tilsynet kunne ikkje godta denne formuleringa, då ho er i strid med Stiftelsesloven. Etter drøfting med tilsynet var vi samde om at dei deler sitt vedtak i to deler, der dei godkjenner forslaget utanom det refererte, og at vedtektene utan avsnitt to i § 14 er gjeldande vedtekter for Musea i Sogn og Fjordane STI.

### Bakgrunn:

Vedtektene slik styret har bestemt, har i tråd med lova vore på høyring til stiftarane Vestland fylkeskommune, Sunnfjord Sogelag og Stiftinga De Heibergske Samlinger Sogn Folkemuseum. Ingen av desse hadde merknader til vedtektene. Etter krav frå Stiftelsestilsynet vart Norske Kunsthåndverkere Vestnorge (NKVN) kontakta. Dei miste retten til deltaking i Rådet etter dei nye vedtektene. Dei ga si godkjenning.

### Drøfting:

Dei nye vedtektene er nokså ulike dei som gjaldt fram til vedtaket i styret i juni 2024. Dei er langt meir presise når dei nemner stiftarane og oppgåvene til styre, råd og valkomite. Der er likevel ikkje mange reelle endringar.

Sidan formuleringa som ikkje vart godkjend av tilsynet ikkje var i tråd med stiftelseslova, og vi reelt sett ikkje har noko alternativ til formuleringa der, valde direktøren å sende endra søknad utan denne formuleringa. Vedtektene er no godkjende av tilsynet.

### Konklusjon:

Direktøren rår styret til å gjere vedtak om at vedtektene som no er godkjende av Stiftelsestilsynet er gjeldande vedtekter for Musea i Sogn og Fjordane STI. Vedtektene kan sendast til stiftarane til informasjon, men direktøren vurderer det slik at der ikkje er alternativ, heller ikkje med stiftarane sitt utgangspunkt, og at dette difor ikkje er naudsynt. Endringa gir stiftarane uendra status med tanke på oppløysing.

**Vedtak:**

Styret godkjenner framlagde vedtekter, godkjende av Stiftelsestilsynet i brev av 16. mai 2025, som gjeldande vedtekter for Musea i Sogn og Fjordane STI.

**Sak 19/2025 Styreinstruks**  
Jan Heggheim**Kvifor vert saka fremma:**

Sist gong saka vart handsama var i 2022, og vi har mange nye styremedlemmer sidan dess. Direktøren legg difor fram instruksen slik at styret kan gå gjennom og eventuelt gjere vedtak om endringar.

**Bakgrunn:**

Sjølv om Stiftelsesloven ikkje set krav om styreinstruks, er det rekna som god skikk å ha ein slik. Dette klargjer pliktene til både styret og dagleg leiar.

**Drøfting:**

Styreinstruksen står godt. Direktøren gjer likevel framlegg om betring av pkt 6, der samanhengen mellom overskrift og tekst er heller svak. Sjå endringsforslag merka med gult i vedlegget:

Opprinneleg tekst:

1. Dagleg leiar er ansvarleg for involvere i og informere om aktuelle saker til avdelingsleiarane. Saklister og møteplan

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane skal vere opne om sakene sine. Etter offentleglova kan utanforståande krevje innsyn i spesifikke saksdokument (vedlegg til sakliste). Sakseigar har høve til å gjere konkrete vurderingar og ta avgjerd om kva som kan sendast ut innan fem virkedagar etter førespurnad, jfr offentleglova § 5. Dersom det er ønskje om innsyn i saksdokument rettast slik førespurnad skriftleg til administrerande direktør.

Forslag til ny overskrift:

**Informasjon om aktuelle saker**

Forslag til nytt punkt 6:

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane skal vere opne om sakene sine. Dette gjeld både internt og eksternt. Avdelingsdirektørane får saksdokument tilsendt, og er også pliktige til å møte i styret om ikkje anna er vedteke. Dette sikrar styret sakskompetanse i enkeltsaker og sikrar også at avdelingsdirektørane er tilstrekkeleg informert om styresakene.



Etter offentleglova kan utanforståande krevje innsyn i spesifikke saksdokument (vedlegg til sakliste). Sakseigar har høve til å gjere konkrete vurderingar og ta avgjerd om kva som kan sendast ut innan fem virkedagar etter førespurnad, jfr offentleglova § 5. Dersom det er ønskje om innsyn i saksdokument rettast slik førespurnad skriftleg til administrerande direktør.

**Konklusjon:**

Direktøren gjer framlegg om at styret tek inn endring i pkt 6

**Vedtak:**

Styret vedtek forslag til styreinstruks som framlagt.

**Sak 20/2025 Styreevaluering**

Jan Heggheim

**Kvifor vert saka fremma:**

Styreinstruksen pålegg ei evaluering kvart år. Vi har ikkje hatt evaluering med noverande styre. Det er difor på tide.

**Drøfting:**

Direktøren har sendt ut evaluering i forkant, og vil presentere resultatene i møtet.

**Vedtak:**

Saka vert utsett

**Sak 21/2025 Prioriteringar i budsjett 2026**

Jan Heggheim

**Kvifor vert saka fremma:**

Budsjettarbeidet for 2026 begynner i september, og direktøren har behov for å oppsummere satsingane i 2025 og etablere hovudsatsingane for 2026. Styret blir i denne saka invitert til å ha synspunkt på prioriteringane.

**Bakgrunn:**

Vi har hatt to store utbyggingssaker dei siste åra, som naturleg nok har teke mykje av merksemda, i alle fall i delar av leiinga. Desse er no fullførte, og vi må rette merksemda mot driftsspørsmål og vedlikehald av anlegga våre. Der er ikkje større utbyggingssjakt i eigen regi i åra som kjem.

**Gjennomført i 2025:**

Tinghuset fullføring, planlagt ferdig i desember 2025

Verne- og formidlingsbygg Holvikejekta, ferdig i juni 2025

Kontor og garderobeavdeling hall 1, Kystmuseet, ferdig i juni 2025

**Drøfting:**

I denne tekstlege saka vel direktøren å dele inn i kapittel som delvis rettar seg mot inndelingane i budsjettsøknaden til departementet, med nokre tillegg. Det er viktig at vi minner oss sjølve og styret på at vi allereie har sendt budsjettsøknad for 2026 til



både fylkeskommune og stat (tiltaka er ikkje ført i noko form for prioritert rekkefølge):

*Trygg ivaretaking*

Innflytting Tinghuset: Dette vil krevje mykje av oss også i 2025, men no er vi i posisjon til å auke tempoet

*Heilskapleg samlingsutvikling*

Båtprioriteringsprosjektet ferdig 2025, det må gjerast vurderingar av korleis vi følgjer dette opp

Kulturhistoriske bygningar:

Heggdalsloftet er det største prosjektet

Hemrebui er framhald av oppstarta prosjekt

*Relevant formidling*

Kunnskap om brukargruppene

Universell utforming/tilgjengeleggjering, vi vonar å få nytte av prosjektet med «Gulehuset» på Sunnfjord Museum

100-årsjubileum Sunnfjord Museum

*Solid kunnskapsproduksjon*

Forskningsnettverk Vestland

*Aktiv samhandling*

Programmering: Dette temaet har mykje å bety for samhandlinga, men også lønsemda i musea

Relevans er ein konsekvens av det første

*Samarbeid på tvers*

Prosjektarbeid, revisjon av eksisterande malar. Vi må forenkle

*Bygginvesteringar*

Visningscenter Astruptunet (Sunnfjord kommune)

Museumshallane på Kystmuseet

*Byggeprosjekt kostnadsført via driftskostnader*

Toalett garderobe for handverkarane på Kystmuseet

Kontorlokale i Kvernsteinsparken

Slutføring verkstad ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

Første etasje Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Utstillingssal Sunnfjord Museum

*Andre saker*

Brannkonsept

Tilgangskontroll, tryggleik, videosystem

**Konklusjon:**

Direktøren rår styret til å ta orienteringa til seg, og vurdere prioriteringar til budsjettarbeidet hausten 2025

Vedtak:



Styret tek oversikta til vitende, og ser fram mot budsjettsak 2026 og vidare oppfølging der

**Sak 22/2025 Høyringsvar Jostedalsbreen Gondol (orienteringssak)**

Direktøren har levert eit høyringsvar vedkommande pendelbana i Kjøsnesfjorden. Ei samla leiargruppe stiller seg bak. Direktøren beklagar på det sterkaste at denne ikkje vart send styret til orientering, sidan det er ei så pass kjenslevar sak.

Styret hadde ein god diskusjon om kva vi skal meine noko om, og tok høyringsvaret til vitende.

**Sak 23/2025 Eventuelt**

Dersom nokon av styremedlemmene ynskjer å ta opp saker her, melder de til styreleiar og/eller direktør innan 10. juni

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 13 pages before this page

Dokumentet inneholder 13 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 13 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 13 sider før denne side

Detta dokument innehåller 13 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende